

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
077/21	Formannskapet	PS	03.06.2021
050/21	Kommunestyret	PS	16.06.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FA-B20, TI-&85	21/585

Etablering av Fensfjorden PPT frå 01.01.2022

Vedlegg

Framlegg til Samarbeidsavtale Fensfjorden PPT frå 01.01.2022

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner etableringa av Fensfjorden PPT og vedlagt avtale. Ein vedtek også vertskommunesamarbeid med Austrheim som vertskommune.

Formannskapet - 077/21 - 03.06.2021

FS - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner etableringa av Fensfjorden PPT og vedlagt avtale. Ein vedtek også vertskommunesamarbeid med Austrheim som vertskommune.

Kommunestyret - 050/21 - 16.06.2021

KS - behandling:

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner etableringa av Fensfjorden PPT og vedlagt avtale. Ein vedtek også vertskommunesamarbeid med Austrheim som vertskommune.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Masfjorden og Gulen kommunar har tilhørt Ytre Sogn og Sunnfjord PP-teneste. Samarbeidsavtalen gjekk ut i 2021 og dei tok kontakt for å vurdere andre alternativ for PP-tenesta. Ytre Sogn- og Sunnfjord PPT har kontor i Dale i Fjaler kommune. Avstandane er store og med endringa knytt til fylkessamanslåinga har det vore naturleg å sjå på andre alternativ og ei teneste nærare kommunane.

Hausten 2020 tok Gulen initiativ mogleg samarbeid med kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Austrheim om logopedesamarbeid. Alle kommunane har behov for logoped både innan helsetenesta og PP-tenesta. Austrheim sa seg villig til å vere vertskommune for eit logopedesamarbeid då ein allereie har ei PP-teneste som ein logoped kan vere ein del eit større fagmiljø. I samband med dette ville Gulen og Masfjorden vurdere moglegheit for eit samarbeid om PP-tenestene. Austrheim gav uttrykk for å vere positiv til eit interkommunalt samarbeid og eit vertskommunesamarbeid vedk. PP-tenestene. Dette blei drøfta både med dåverande rådmann og ordførar, som var positiv til å vidare arbeid fram mot etablering av Fensfjorden PPT, med Austrheim som vertskommune.

Ei lita PP-teneste er ei sårbar teneste både på ressursar og kompetanse. Ein har opplevd noko fråvær i tenesta, som har medført at saker har hopa seg opp og ein har ikkje fått jobba slik ein ynskte.

Rammene for PP-tenesta har ikkje vore auka dei siste åra og det meste av budsjetttramma har vore bunden til lønskostnader. Det er difor viktig at rammene til PP-tenesta vert noko auka slik at ein også får byggja kompetanse og har høve for innkjøp at testutstyr etc. for ei betre teneste både systemretta og individretta.

Ved å etablere Fensfjorden PPT blir arbeidsfeltet større, men samstundes får ein også eit større fagmiljø og ein kan få ein breiare kompetanse inn i fagmiljøet.

Austrheim PPT dekkjer i dag kommunane Austrheim og Fedje, der Fedje kjøper 10 %. Det dei treng utover avtalen kjøper dei timebasis. Vi ser i dag at det blir arbeid ein del individretta og vi ynsker å arbeida meir førebyggjande og systemretta. Dette trur vi at ved eit større fagmiljø og gode rutiner og opplæring vil kunne gjennomføre sterkare med etableringa av tenesta.

Det er utarbeidd ein framlegg til ein samarbeidsavtale som er vedlagt saka. Både Gulen og Masfjorden kommunestyre har samrøystes vedteke å gå inn i Fensfjorden PPT frå 01.01.2022.

Dette medfører at det må gjerast nokre tilretteleggingar på kommunehuset vedk. arbeidsplassar. Det vert også arbeida med å vurdere leasingbilar for kommunalt tilsette då det vert ein del køyring mellom kommunane.

Kostnadsnøkkelen er basert på barne- og elevtala i kommunane pr år. Dette omhandlar løns- og

driftsutgifter.

Ressursane som er knytta til Fensfjorden PPT er regulert i punkt 5 i avtalen, men fagrådet kan vurdere om dette evt må endrast. Det vil først verte aktuelt etter første driftsår.

Fagrådet for Fensfjorden vil vere samansett av representantar for dei samarbeidande kommunane. Arbeidsgjevaransvaret ligg til Austrheim kommune og underlagt kommunalsjef for oppvekst og kultur.

Dei økonomiske konsekvensane vil verte innarbeidd for budsjettåret 2022 og ligg til grunn i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2022.

Vurdering

Kommunedirektøren ser det som positivt å styrkja PP-tenesta både kompetansemessig, men også ressursmessig. Ein ser positivt på å etablera Fensfjorden PPT som eit ressurscenter midt i Vestland.

Ein ser det som ei stor føremon at det vert styrka og breiare kompetanse og ein får ei mindre sårbar teneste.

Konklusjon

Kommunedirektøren si tilråding:

Austrheim kommunestyre godkjenner etableringa av Fensfjorden PPT og vedlagt avtale. Ein vedtek også vertskommunesamarbeid med Austrheim som vertskommune.